

ÅRSMELDING

for Rasdalen grendalag

2023/2024

Innleiing

Etter to koronaår utan årsmøte, var me tilbake til normale tilstandar i 2022 og 2023. Det vart ikkje gjort endringar i styret i desse to koronaåra, og det vart heller ikkje gjort endringar under årsmøtet i 2022. Men på årsmøtet i 2023 vart vedtektene som gjeld §4 Styret, endra slik at eit nytt medlem vart valt inn i styret, nemleg Wenche Helle. Dermed har me, etter denne vedtektsendringa, ein leiar, fem styremedlemmer og to varamedlemmer i styret.

Styret er dermed samansett slik :

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Frode Tufte, Wenche Helle, Arild Skjelbred, Nina Haugsnes og Jan Rasdal

Varamedlemmer : Vegard Rasdal, Victor Larsen

Av styret står Terje på val (leiar), Jan og Nina står på val (styremedlemmer) og Victor står på val (varamedlem).

Valnemd : Jan Olav Larsen og Geir Rasdal, Jan Olav står på val.

Revisor er Agny Laukeland Bygnes.

Møteverksemd

Dette året har det, som vanleg, vorte halde tre styremøte i grendalaget. I tillegg har styret hatt ein del kommunikasjon digitalt. Det første styremøtet hadde me 6.april, det andre møtet vart halde 26.mai og det tredje 14.oktober.

Årsmeldinga vil vidare setja fokus på nokre av dei sakene som me i styret synest har vore viktige for grendalaget - og som kan ha interesse for alle medlemmene.

I 2023 hadde me årsmøte som vanleg på Skjærtorsdag, og også styremøte i forkant av årsmøtet. Der gjekk me gjennom årsmeldinga og hadde og ein gjennomgang av aktivitetane i grendalaget utover i året. Det vart også arrangert påskerenn i Haugamyra påskeaftan med Paal og Vegard som rennleiarar, og etterpå var det påskebasar i grendahuset. På basaren hadde me som året før, tre trekningar med 10 kroner per åre.

Det var bra med folk på basaren, og dei kjøpte rikeleg med årer. Resultatet vart såleis imponerende, heile 17.136 kroner fekk me inn ! Takk til alle dei som har støtta opp om om grendalaget på denne måten - gjennom mange år !

Årsmeldinga som, med eventuelle endringar, vert etter årsmøtet lagd ut på Rasdalssida, www.rasdalen.no. Det må vera i grendalaget si interesse at aktivitet og det som har skjedd det siste året, vert skriftleg dokumentert, også med tanke på dei som kjem etter oss. Elles vert medlemmene i grendalaget oppfordra til å senda bilete, ev. med tekst, til webmaster Arild. På vinterstid er det også greitt at folk rapporterer til webmaster om korleis føret oppover Rasdalsvegen er. Det kan vera nyttig for dei som då vil reisa opp i Rasdalen.

Saker det har vore arbeidd med :

Dugnaden 27.05.2023

Denne gongen gjekk dugnadsarbeidet føre seg inne i grendahuset. Det vart ein god del arbeid med å rydda, sortera og få på plass store mengder bøker og diverse andre ting etter Ingfrid. Det vart sett opp hyller til nye bøker, og det vart plukka ut og systematisert, bøker som me ville ha i grendahuset. Det vart også mykje som laut gå til gjenbruksstasjonen på Dale.

Denne dagen vart det også vaska og reingjort i grendahuset, det høyrer også med til dugnadsarbeidet.

Sommarfesten 17.06.2023

Sommarfesten vart avvikla etter stort sett same mønster som tidlegare, først aktivitetar ute, og så samling inne. Men når det gjeld tidspunktet, så drista me oss til å arrangera festen i juni, det har aldri hendt før. Me var spente på kor mange som dukka så tidleg på sommaren, men det vart 25 personar denne gongen, ein liten oppgang frå året før. Veret var fint, og det vart nokre nye uteaktivitetar denne gongen. Men natur- og kultursti hadde som vanleg me med.

Etterpå heldt me etter tradisjonane til i salen nede. Som året før hadde også denne gongen deltakarane med seg mat sjølve. Elles var det quiz med varierte spørsmål, allsong og ikkje minst eit åresal som gav grendalaget pengar i kassa. Denne festen er viktig for grendalaget, og denne gongen fekk me inn 5000 kr på åresalet, nok eit imponerende resultat !

Fellestur til Nakka 23.07.2023

Dette vart igjen ein interessant og spesiell fellestur ! Terje tok turen til Nakka nokre dagar på førehand, og gjorde der avtalar med Øystein Andersen om opplegget. På denne fellesturen var det 13 personar som var med, og veret var også på vår side. Øystein var flink til å fortelja og å informera, og han hadde mykje interessant å formidla ifrå denne store, historiske og flotte garden. Dette var eit nytt område for dei fleste som var med, og me sat igjen med mange gode og sterke inntrykk frå denne søndagen.

Økonomien til grendalaget

Som det har vorte skrive i dei siste årsmeldingane, har me hatt bra styring med økonomien over mange år. Med god hjelp frå medlemmene meiner me å ha kontroll, noko som medfører at det er lettare å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. Saldo per 31.12.2023 var på kr. Etter den tid har det gått ut om lag kr til faste utgifter. Som elles i samfunnet merkar me at straumutgiftene også har auka her i grendahuset.

Når det gjeld medlemskontingenten, oppmodar me medlemmene at den vert betalt inn innan 1.juni 2024, dette er også ei inntekt som er viktig for grendalaget. Det er like godt å få det gjort, elles vert det fort gløymt. Kontingenten for husstand er 300 kr, og for enkeltmedlem 150 kr. Kontonummeret til grendalaget er 3480 11 38286, Vipps-nummeret er 530 195. Informasjon om dette ligg også på www.rasdalen.no og på Facebook.

Diverse

Det viktigaste dugnadsarbeidet vårt opp gjennom åra har vore vedlikehaldsarbeid og anna arbeid på grendahuset. Dermed vert det også meir attraktivt å bruka dette huset.

Det med å ta vare på huset, slik at det ser velstelt og skikkeleg ut, er noko som alltid må prioriterast. Då er det også viktig for oss at huset vert brukt til samkomer, møte og feiring av ulikt slag.

Sommaren 2023 fekk me, med hjelp av Vegard, på plass ein stor benk på skuleplassen.

Me vil også i den samanheng nemna at skuleplassen ikkje skal brukast som ei bane for ulike køyretøy.

Nøkkellåsen fungerer godt, hugs på å dra opp dekselet på låsen når du går.

Vurdering av arbeidsåret og vegen vidare

Koronaåra var ei spesiell tid, men no er me heldigvis tilbake igjen i normal gjenge. Grendahuset har, slik som årsmeldinga viser, vore i bruk og til nytte. Badet vert brukt og er såleis eit godt tilbod for medlemmene. Vipps gjer det enklare når det gjeld betaling, anten det er på badet eller på basar.

Styret prøver så godt det kan å vidare tilretteleggja aktivitet i dalen. Me tek sikte på i sommar å arrangera både dugnad, fellestur, og ikkje minst ein 70-års jubileumsfestfest laurdag 27.juli. Informasjon om dette skal koma om ikkje så lenge. Me håpar at det vert mange som melder seg på til denne store festen.

Elles vert tidspunkta for dugnad laurdag 1.juni, og fellesturen til Øykjholmane (i Øvstedalen) vert søndag 7.juli.

Som sagt er det viktig å halda grendahuset i bra stand. Me har også ei ordning med at det er ettersyn av grendahuset i vinterhalvåret. Særleg er dette viktig når kulden set inn og det er fare for frost, og også når det er mykje snø, slik som det var før i vinter.

Så er det også viktig at me fylgjer godt med på kva Voss herad tenkjer og vil gjera når det gjeld dette med omklassifisering av kommunale vegar. Her skal me i styret vera i høg beredskap dersom det skulle koma diverse utspel derifrå.

Elles må det nemnast at Ingfrid gjekk bort i fjor. Ho har vore ein ressursperson både for grendalaget, og også for alle som har tilknytning til Rasdalen. Ho var nok den som sat inne med mest kunnskap om dalen vår. Me sit igjen med så mange gode minne om Ingfrid.

Avslutningsvis ser me at det vert færre folk å sjå i dalen både om sommaren og elles i året. Men heldigvis så stiller mange likevel også opp når det gjeld påskebasar, påskerenn, dugnad og fellestur. Dette vonar me i styret vil halda fram !

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal 13.03.2024

